

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 27.7.2016

Høyringsuttale om Todeilselva kraftverk i Modalen kommune, Hordaland

Generelt om tiltaket

Naturvernforbundet Hordaland er sterkt skeptisk til at Småkraft AS ska få konsesjon på å byggja ut Todeilselva i Modalen kommune. Det planlagte kraftverket er rekna å gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 6.7 GWh. Med ein utbyggingskostnad på 30.1 mill. kroner blir prisen kr 4.50/kWh, altså temmeleg høg. Utbygginga omfattar to sidevassdrag, Almabekken og Todeilselva, og ein nær tørrlagt elvestrekning på totalt 1 630 meter. På denne strekningen skal tilløpsrøyret gravast ned i ei 15 meter brei gate gjennom skogen. Den totale fallhøgda frå kote 355 til kote 105 blir 250 meter. Inn til kraftstasjonen på kote 105 skal det byggjast ein 400 meter lang bilveg, og traktorveg vidare opp langs røyrkata.

Hydrologi

Minstevassføringa er sett til såkalla «alminnelig lavvannføring» dvs. 5% av middelvassføringa heile året, noko som tilsvarar 30 l/s i Todeilselva og 4 l/s i Almabekken, til saman 34 l/s inkludert restfeltet. Den kritiske perioden er i tørrår med 60 dagar då vassføringa er lik eller under minstevassføringa, noko som kjem fram ved å sjå på kurvene på s. 19. Det er kritikkverdig at utbyggar ikkje kan gjera greie for korleis dei kjem fram til dei delvis misvisande tala for minste- og restvassføring på s. 18, og som står i motstrid til det ein kan lesa ut frå vassføringskurvene på s. 19-20.

Biologisk mangfald

I følgje utbyggar er det «ubetydelig konsekvens for verneinteresser». Dette er ein heller tvilsam konklusjon, ut frå ei synfaring som berre omfatta eit døgn om hausten 2013 (15. oktober), og attpåtil på ei årstid då det er liten aktivitet hos dei fleste fugleartar. Konklusjonen om ubetydeleg konsekvens står også i motstrid til utbyggar si eiga konsekvensvurdering. Det er nemleg registrert ein truga naturtype, gråor-heggeskog ved samløpet mellom Todeilselva og Almabekken, der røyrkata skal gravast ned og kraftstasjonen byggjast. I følgje utbyggar vil dette gi negativ verknad av tiltaket, altså det motsette av «ubetydelig».

Utbyggar vedgår også at gyteplassane for innlandsaure i nedre delen av Todeilselva, nedanfor kraftstasjonen, vil bli negativt påverka ved driftsstans. Den sterkt reduserte vassføringa mellom inntaket og kraftstasjonen kan også skala problem for auren, og «det kan forventes en noe endret artssammensetning av ferskvannsorganismer». Problemet med anadrom fisk blir forsøkt bagatellisert ved påstanden om at «arealet i elvene er imidlertid svært begrenset, og i forhold til det totale arealet i vassdraget neglisjerbart.»

Utbyggar vedgår at fuktkrevande lav- og moseartar som fins langs elva, blir skadelidande på grunn av den læge vassføringa i store deler av året, men det er ikkje gjort noko nærare undersøking av floraen i og ved vassdraget, noko som nok har samanheng med den ufullstendige og overflatiske synfaringa. Det er heller ikkje gjort noko registrering av fugl, berre lause spekulasjonar. Det heiter såleis at «*i forhold til eventuell hekking av fossefall i området, vil redusert vannføring kunne virke negativt.*»

Landskap, kulturminner og friluftsliv

Den 1550 meter lange røyrkata frå dei to sidevassdraga, anleggsvegen på tilsaman 1 950 meter opp til kraftstasjonen og vidare opp langs røyrkata og ein nær tørrlagt elvestrekning på 1 630 meter er drastiske inngrep i landskapet som vil endra synsinntrykket, og reduksjon i fiskebestanden vil også skada friluftslivet. Den gamle ferdsleveggen frå Flatekvål i Ekseingedalen til Farestveit i Modalen følgjer Todeilselva, og vil måtta kryssa røyrkata med tilhøyrande langsgåande anleggsveg. Denne ferdsleveggen er eit kulturminne i seg sjølv, og blir brukt også i dag som turveg, i følgje opplysningar frå Bergen og Hordaland Turlag.

Sumverknader og konklusjon

Todeilselva er eit av 8 vassdrag i Modalenpakka, og NVH vil, slik Bergen og Hordaland Turlag har gjort, levera ei eiga høyringsuttale om sumverknadene. Me viser til at over 90% av vasskrafta i Modalen alt er bygd ut, og dei gjenverande vassdraga og sidevassdraga får då auka verdi, og må sjåast i samanheng for å unngå bit-for-bit utbygging. Når det gjeld Todeilselva, har det likevel så stor eigenverdi på grunn av konsekvensane for fiske og friluftsliv at me alt no kan seia at dei samfunnsmessige verdiane ved å la vatnet renna fritt, er langt større enn ved å leggja det i røyr. I tillegg er konsekvensanalysen for biologisk mangfald så mangelfull at det utgjør ein ekstra grunn til å avslå søknaden. Det kan godt vera at det fins rauslista artar og truga naturtypar, men utbyggar har gjort så dårleg arbeid at han ikkje har greidd å fanga opp dette. Difor seier Naturvernforbundet Hordaland nei til at Småkraft AS skal få konsesjon på å byggja ut Todeilselva.

for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
Leiar

Oddvar Skre
Saksbehandlar